
Fra: Christian Hagerup Reinshol
Sendt: mandag 18. desember 2017 13.18
Til: 'Skulstad Marianne'
Kopi: Bøyum Tone; Frøydis Ones
Emne: SV: 17/35601 2. gangs høyring av reguleringsplan Hillesvåg bustadområde

Hei,

Når det gjeld mindre reguleringsendring for Seim skule, så er høyringsperioden på denne planen sett til 3 veker som er vanleg for mindre reguleringsendringar, jf pbl § 12-14. Me vurderer ikkje saka som ei ordinær reguleringsendring då omfanget av endringa er avgrensa og ikkje går ut over hovudintensjonane i planen, jf rundskriv av 30.juni frå departementet i år. Det er også viktig for kommunen å rekke skrivefristen for politiske saker i kommunen, slik at saka kjem opp i neste plan- og miljøutvalsmøte.

I høve reguleringsplanen for Hillesvågen bustadområde, så er dette ein plan som har vore ute til ordinær førstegangshøyring og der endringane som er gjort er av avgrensa omfang. Me meiner at fristen som er gitt her er tilstrekkeleg til å vurdere dei endringane som er gjort, her har det jo også vore møte knytt til endringane undervegs. Me er klare over at motsegna må vere trekt før planen kan gå til godkjenning, men me håper de har moglegheit til å prioritere denne saka då den har pågått over lengre tid. Me har målsetting om å få 2. gangshandsama planen i plan- og miljøutvalet 24.januar og me treng i utgangspunktet tida mellom høyringsfristen og vår skrivefrist 14. januar for å kunne ferdigstille saka. Om ikkje me rekk denne fristen vil me ikkje kunne gå vidare med saka før i marsmøtet.

Me har forståing for at det er høgt arbeidspress i perioden jul/nyttår, men me vil diverre ikkje gje utsett høyringsfrist i desse sakene utover 7. januar.

Med helsing,

Christian Hagerup Reinshol | Arealplanleggar

E-post: Christian.Reinshol@lindas.kommune.no | **Telefon:** +47 56 37 56 62
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** www.lindas.kommune.no



Fra: Skulstad Marianne [<mailto:marianne.skulstad@vegvesen.no>]
Sendt: mandag 18. desember 2017 10.16
Til: Christian Hagerup Reinshol
Kopi: Bøyum Tone
Emne: SV: 17/35601 2. gangs høyring av reguleringsplan Hillesvåg bustadområde

Hei,

Viser til saker oversendt 15/12 ang. reguleringsplaner for Seim og Hillesvåg, med frist satt til 7.januar 2018. Vi minner om at høringsfrist skal være minst 6 uker. Vi har svært mange saker til behandling, og julehøytiden står for døren, og vi ber derfor om at dere utsetter fristen i samsvar med pbl. § 12-10.

Ang. Hillesvåg minner vi også om at vi i denne saken har en innsigelse som vil bli stående inntil saken er løst, uavhengig av frister.

Vi ber om en tilbakemelding på utsatte høringsfrister.

Med vennlig hilsen
Marianne Skulstad

Seksjon: Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6861 LEIKANGER
Besøksadresse: Nygårdsgaten 112, BERGEN
Telefon: +47 55516253 **Mobil:** +47 91846541 **e-post/Lync:** marianne.skulstad@vegvesen.no
www.vegvesen.no **e-post:** firmapost-vest@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Trenger du å skrive ut denne e-posten?

Fra: Christian Hagerup Reinshol [<mailto:Christian.Reinshol@lindas.kommune.no>]
Sendt: 15. desember 2017 17:58
Kopi: Skulstad Marianne <marianne.skulstad@vegvesen.no>
Emne: 17/35601 2. gangs høyring av reguleringsplan Hillesvåg bustadområde

Sjå vedlegg

Med helsing,

Christian Hagerup Reinshol | Arealplanleggar

E-post: Christian.Reinshol@lindas.kommune.no | **Telefon:** +47 56 37 56 62
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** www.lindas.kommune.no

